

Inntømme inspel  
etter utsending av  
saka

**Merete Husabø Nornes**

---

**Emne:** VS: Forslag om å legge ned vg2 byggteknikk!  
**Vedlegg:** Innspel til opplæringstilbud 2016-2017 - 10.03.16..docx

**Fra:** Kent Rune Bugjerde [<mailto:kent.rune@unu-as.no>]

**Sendt:** måndag 21. mars 2016 12:10

**Til:** Randi Humborstad <[randi@nordfjordvekst.no](mailto:randi@nordfjordvekst.no)>; kristin.maurstad@vagsoy.kommune.no; Karl Ottar Rundereim <[Karl.Ottar.Rundereim@sfj.no](mailto:Karl.Ottar.Rundereim@sfj.no)>; Nilsarne <[nilsarne@byggopp.no](mailto:nilsarne@byggopp.no)>; stein.robert.osdal@selje.kommune.no; alfred.bjorlo@eid.kommune.no; Knut Henning Grepstad <[Knut.Henning.Grepstad@sfj.no](mailto:Knut.Henning.Grepstad@sfj.no)>; Susan Kathinka Halvorsen Husabø <[Susan.Husabo@sfj.no](mailto:Susan.Husabo@sfj.no)>; Bekka Skaasheim <[Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)>; Postmottak Sentraladm <[Postmottak.Sentraladm@sfj.no](mailto:Postmottak.Sentraladm@sfj.no)>

**Kopi:** [post@riksbygg.com](mailto:post@riksbygg.com); Oskar Kvernevik ([oskar@kvernevik.as](mailto:oskar@kvernevik.as)) <[oskar@kvernevik.as](mailto:oskar@kvernevik.as)>; [Kristian@husevaag-ror.no](mailto:Kristian@husevaag-ror.no); [wictor@isovent.no](mailto:wictor@isovent.no); [f-bygga@online.no](mailto:f-bygga@online.no); [heming@dragebygg.no](mailto:heming@dragebygg.no); Arve Idar Utnes <[arve.idar@unu-as.no](mailto:arve.idar@unu-as.no)>; Asbjørn Utnes <[asbjorn@unu-as.no](mailto:asbjorn@unu-as.no)>; [bygg@mbs.as](mailto:bygg@mbs.as); Eirik Holvik ([eirik@bybm.no](mailto:eirik@bybm.no)) <[eirik@bybm.no](mailto:eirik@bybm.no)>

**Emne:** SV: Forslag om å legge ned vg2 byggteknikk!

Hei alle!

Må si at jeg er svært overaska over at dette dukker opp nå! Når var dette forslaget lagt fram!?

Med all den positive utviklingen som skjer her nå på kysten og den store byggeaktiviteten som pågår i ytre Nordfjord så er det helt utrolig at fylket kun ønsker utvikling i Sunnfjord og Sogn!

Om det er dette fylket ønsker så kan vi like godt melde oss inn i Møre og Romsdal!

UNU har pr i dag 44 mann i arbeid, av dem så er 5 stk lærlinger ( fikk ikke tak i flere). I tillegg så har vi 7 mann innleid for å rekke over all etterspørselen som er i dag!

Uten lærlinger så betyr det at vi måtte ha leigd inn 12-15 arbeidere!

Slik jeg har forstått søkertallene så var det 11 søkere til vg2 byggteknikk, minimum var 8 søkere for å beholde linjen. Hva gjør nå Måløy Vidaregåande Skule for å beholde linja? Er dette en linje som skolen ønsker skal være i Måløy eller er det «ok» at den forsvinner.

Her trenger byggenæringen i ytre dra hjelp!!

Hva kan Vågsøy Kommune og Selje Kommune gjør for at vi skal beholde linja?

Hva kan Byggopp gjør for at vi skal beholde linja?

Om det er noen som har kontakter i Hovudutval Opplæring eller andre instanser i fylket så håper jeg dette blir tatt videre til dem.

God påske☺

Mvh



**Kent Rune Bugjerde**

**UNU A/S**

Tlf: 57 84 88 00

Direkte: 57 84 88 05

Mob: 90511520

E-post: [kent.rune@unu-as.no](mailto:kent.rune@unu-as.no)  
Web: [www.unu-as.no](http://www.unu-as.no)

---

**Fra:** Randi Humborstad [<mailto:randi@nordfjordvekst.no>]  
**Sendt:** 21. mars 2016 11:22  
**Til:** [kristin.maurstad@vagsoy.kommune.no](mailto:kristin.maurstad@vagsoy.kommune.no); Kent Rune Bugjerde  
**Emne:** Forslag om å legge ned vg2 byggteknikk!  
**Viktighet:** Høy

Hei Kristin og Kent Rune,

Har dere sett forslaget om å legge ned vg2 byggteknikk? Kalle var innom meg i dag, og ville informere om dette. Denne saken skal opp i Opplæringsutvalget 30. mars rett etter påske! Litt kjedelig å få vite om dette først nå, rett før påske. Vanskelig å få gjort så mye før 30. mars. Jeg tar ferie i morgen og er ikke tilbake på jobb før 29. mars, dagen før Opplæringsutvalget skal ha møte...

Hva tenker dere?

Mvh Randi




NORDFJORD  
VEKST

Med vennlig hilsen / Best Regards

**Randi Paulsen Humborstad | Daglig leder |**

Mobil: +47 97 75 73 94 | Mail:[randi@nordfjordvekst.no](mailto:randi@nordfjordvekst.no) | Video:[randi.humborstad@vcn.no](mailto:randi.humborstad@vcn.no)

webseite: [www.nordfjordvekst.no](http://www.nordfjordvekst.no) [www.maaloy.no](http://www.maaloy.no) | Besøks- og postadresse: Gate 1, nr 119, 6700 Måløy

 Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten

---

**Fra:** Karl Ottar Rundereim [<mailto:Karl.Ottar.Rundereim@sfj.no>]  
**Sendt:** 21. mars 2016 10:51  
**Til:** Randi Humborstad  
**Emne:** Uttale om tilbud

Etter avtale.

Mvh

KOR

11.03.16.

## **OPPLÆRINGSTILBOD 2016-17 – MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE**

Viser til primærskjartall og 1.prøveinntak pr. 03.03.16., og i tillegg til 5. prøveinntak som vart overlevert på rektormøte 08.-09.03.16.

Måløy vidaregåande skule har svært gode skjartall med eit stort overskot av primærskjarar med ungdomsrett, og talla er særleg positive med god fordeling på vg1-nivået. Innan vg2 har talla nær samanheng med noverande tall for vg1 på eigen skule. Unnataket er vg2 maritime fag, som rekrutterer frå heile fylket, og skjartalla til dette tilbodet er også i år svært høge .

Vi har følgjande innspel til endring av det utlyste tilbodet:

### **Vi ber om at ressursen til vg1 naturbruk vert auka til 1,5 klasse (frå 1,0 klasse no)**

Dei siste åra har vi fått tildelt 340 årstimar til deling av vg2 gruppa – vg2 fiske og fangst og vg2 akvakultur. Ressursen går til deling i teoridelen av programfaga, medan praksisdelen innan akvakultur vert gitt gjennom utplassering på oppdrettsanlegg. I inneverande år brukar vi meir enn denne ressursen til rein teoriopplæring (374 årstimar), i tillegg kjem arbeidet med oppfølging av elevane i praksis.

Dei siste tre åra har vi tatt inn elevar på naturbruk/akvakultur til YSK (TAF), som ein del av det vedtatte YSK- tilbodet. Yrkesfagdelen av opplæringa har vore finansiert av den same ressursen på 340 årstimar, etter som elevane på ordinært yrkesfag og elevane på YSK har fått felles teoriopplæring i akvakultur. Inntaket til YSK (utdanningsprogram naturbruk) har m.a.o. vore avhengig av at vi har hatt skjjarar til vg2 akvakultur. Dei siste åra har elevane sine val frå vg1 naturbruk fordelt seg nokolunde jamt mellom fiske og fangst og akvakultur, slik at denne kombinasjonen har gått greitt.

I **verdiskapingsplanen** som Sogn og Fjordane fylkeskommune deltar i, er det gitt resultatmål for rekrutteringa til dei marine faga og dei marine næringane, og desse måla inneber ein betydeleg auke frå dagens nivå på rekrutteringa til vidaregåande opplæring.

Dette betyr følgjande (grunnlaget for auka ressursbehov):

- Ordinær yrkesopplæring: Dersom vg1 naturbruk skal rekruttere elevar til både fiske og fangst og akvakultur (i utgangspunktet 6 elevar på kvar fordjuping slik det ligg inne i tabellen for utlyst tilbod), må vi ta inn minimum 12 elevar dersom skjargrunnlaget tilseier det. **Til komande år har vi 14 skjjarar med ungdomsrett, og vi ønskjer at alle 14 primærskjarar blir tatt inn.**

- YSK (TAF)-søkjjarar til naturbruk (vg2 med fordjuping akvakultur) må kome i tillegg. I tabellen for utlyst tilbod står det 4 elevplassar, som er det tallet vi har i år. (Vi har auka frå 2 til 4 dei siste tre åra, før dette hadde vi 1 elev som vi prøvde ut eit individuelt opplegg for, med godt resultat). **Til komande år har vi 5 søkjarar, og vi ønskjer å ta inn alle i samarbeid med dei aktuelle oppdrettbedriftene.**
- Auken i rekruttering gjer at vi må få auka ressursar for å syte for god nok kvalitet i opplæringa for alle elevane, etter som vi då vil ha inntil 19 elevar på vg1 til saman. Det er ofte stor skilnad i fagleg/teoretisk bakgrunn mellom YSK-elevar og ordinære elevar innan yrkesfag. For å ta vare på begge grupper vi må gjere endringar med ein fastare struktur enn dei siste tre åra, og særleg då for YSK-elevane der vi har hatt ein innkøyringsperiode for eit nytt tilbod.
- Måla i **verdiskapingsplanen** er å rekruttere langt fleire elevar til marin utdanning. Søkjargrunnlaget er no så bra at det er behov for ressursar utover ei gruppe. Det er dette som er grunnlaget for innspelet om auke i ressurstildelinga med 0,5 klasseressurs.
- Ressursen til deling av teoriopplæringa på vg2 (340 årstimar) må vidareførast då det er behov for denne uavhengig av YSK-tilbodet.

### **Uttale vedk. vg2 byggteknikk**

Som sagt i innleiinga skjer rekrutteringa til dei regionale/lokale vg2-tilboda i hovudsak frå eigen skule, i dette tilfelle frå vg1 bygg- og anleggsgfag. I denne gruppa, som det var noko svak søknad til i fjor, er det i dette skuleåret 9 ordinære elevar, pluss ein YSK-elev som har valt dette utdanningsprogrammet, og dermed følgjer klassen i teoriopplæringa i yrkesfaga/programfaga.

Av ulike årsaker er det vanleg at talet på elevar på slike tilbod vert redusert frå vg1 til vg2: Dette kan vere elevar som vel andre vegar innan utdanningsprogrammet, t.d. vg2 anleggsteknikk ved annan skule (to tilbod i fylket), eller 1 + 3 modellen («vekslingsmodell») mot aktuelle lærefag, t.d. røyrleggar, som vi regelmessig køyrer elevar inn på. I år har to av elevane gjort eit omval, ein til studiespesialisering her ved skulen (med vg2 byggteknikk som 2.val), og ein til tilbod ved Eid vgs. Ein elev søker på nytt til vg1 bygg- og anleggsgfag (følgjer ikkje ordinære læreplanar, og vert då på nytt plassert som søker til vg1). 6 av 9 elevar står att som primærsøkjjarar til vg2 byggteknikk.

Konsekvensar dersom tilbodet ikkje vert ført vidare på vg2:

#### For lokalt næringsliv:

Også i Nordfjord er det underskot på søkjarar til ledige læreplassar, på linje med dei to andre regionane, der tilbodet er dimensjonert langt større. Tilbodet innan bygg- og anleggsgfag rekrutterer tilnærma 100% lokalt, Måløy vgs. frå ytre/midtre Nordfjord, og Stryn vgs. frå indre/midtre Nordfjord. Søknaden til utdanningsprogrammet kunne ha vore betre enn i dei siste åra, men har alltid hatt store variasjonar, ofte uavhengig av skiftande tider i næringslivet.

Ei nedlegging av vg2-tilbodet vil forverre denne rekrutteringa, i samanheng med dei konsekvensane dette vil få for dei aktuelle elevane og for personalsituasjonen, sjå nedanfor. Verknadene av eit stopp i tilbodet vil vare over fleire år, ikkje bare for året som kjem. Byggtilbodet i Måløy har vore stabilt over mange tiår, og har medverka enormt til rekrutteringa til næringa lokalt. Ei sentralisering av

tilbudet til 2-3 stader i fylket vil ha store negative konsekvensar for denne viktige næringa og dei lokale bedriftene, og ikkje bare for dei skulane der opplæringstilbudet vert utarma og evt. lagt ned. Det må her ikkje minst vere greitt å lytte til synspunkta til opplæringskontor og bransjeorganisasjonar.

For dei aktuelle elevane:

6 elevar på noverande vg1 har som sagt dette tilbudet som 1.val. I tillegg kjem eleven som søker omval til vg1 studiespesialisering, der det vil vere vanskeleg å kome inn. (Måløy vgs. har gjennom mange år hatt tøffast konkurranse i fylket til inntak til vg1 studiespesialisering, pga. forholdet mellom søkjartall og dimensjonering, i år 40 søkjarar til 30 plassar.) 2 av dei 6 elevane må ha reservert plass i Måløy pga. behov for tilpassa opplæring, og vil derfor evt. stå utan eit klassemiljø som er viktig for deira læring, samtidig som ressursbehovet vil ligge ved vår skule. Vi har også 1 YSK-elev som ikkje kan få vidareført tilbudet han har blitt lova, denne eleven har blitt registrert som søkjar på koden til vg2 industrideknologi – YSK, og kjem i tillegg til den ordinære yrkesfaggruppa. Når ein skal vurdere kostnaden med å halde ved like tilbudet på vg2 også komande år, gjeld dette ikkje bare dei 4 (truleg 5) elevane som må få tilbod ved andre skular, **men også dei 3 elevane som ikkje kan flyttast. Kostnadene til individuelle tilpassa opplegg 35 timar i veka pga. reserverte plassar (2 elevar, sjå ovanfor) vil verte mykje større enn dersom desse elevane i stor grad kan integrerast i opplegget til heile klassen, med positive konsekvensar for ressursbruken.** Dessutan vil desse elevane sitte igjen med opplæring med dårlegare kvalitet.

For personalet:

Vi har eit lite, men velfungerande team innan programfaga for bygg- og anleggsgfag, to faglærarar og ein fagarbeidar (tilsett pga. behov for assistent for elevar med særskilt tilrettelagt opplæring). Utan vg2-tilbod vil fagarbeidaren vere overtallig, og evt. ein av faglærarane heilt/delvis overtallig med fare for oppseiing. På lengre sikt vil dette ha store konsekvensar for fagmiljøet vi har.

#### **Innmelding av justering av plasstal – gjeld skuleåret 2016-17**

1. vg1 naturbruk: 14 elevplassar (rekrutterer både til vg2 fiske og fangst og vg2 akvakultur, sjå ovanfor) – tar inn alle primærsøkjarar, inklusive 2 elevar utan tilbod
2. vg1 bygg- og anlegg: 14 elevplassar (YSK ikkje inkludert) – tar inn alle primærsøkjarar inklusive 2 elevar utan tilbod
3. vg1 restaurant- og matfag: 16 elevplassar – tar inn 2 elevar utan tilbod
4. vg1 teknikk og industriell produksjon: 26 elevplassar – tar inn 2 elevar utan tilbod
5. vg1 helse- og oppvekstfag: 16 elevplassar – tar inn 1 elev utan tilbod
6. vg2 kokk- og servitørfag: 14 elevplassar – tar inn 2 elevar utan tilbod

Karl Ottar Rundereim

rektor

**Emne:** VS: 19 vg2 elevar, frå Hafstad vgs i Førde, blir tvinga til å flytte på hybel skuleåret 2016/2017

**Vedlegg:** Kommentar til skuletilbodet 16-17 lesarinnlegg (1).docx; ATT00001.htm

**Fra:** Utdanningsforbundet Forde <[post@Forde.utdanningsforbundet.no](mailto:post@Forde.utdanningsforbundet.no)>

**Dato:** 28. mars 2016 kl. 20.44.28 CEST

**Til:** "Karianne.alette.torvanger@sfj.no" <[Karianne.alette.torvanger@sfj.no](mailto:Karianne.alette.torvanger@sfj.no)>, "Alfred.bjorlo@sfj.no" <[Alfred.bjorlo@sfj.no](mailto:Alfred.bjorlo@sfj.no)>, "gunn.amdal.mongstad@sfj.no" <[gunn.amdal.mongstad@sfj.no](mailto:gunn.amdal.mongstad@sfj.no)>, "anders.ryssdal@sfj.no" <[anders.ryssdal@sfj.no](mailto:anders.ryssdal@sfj.no)>, "ole.jonny.stubhaug@sfj.no" <[ole.jonny.stubhaug@sfj.no](mailto:ole.jonny.stubhaug@sfj.no)>, "henrik.oppen@sfj.no" <[henrik.oppen@sfj.no](mailto:henrik.oppen@sfj.no)>, "senea.sabanovic@sfj.no" <[senea.sabanovic@sfj.no](mailto:senea.sabanovic@sfj.no)>, "Sonja.merethe.ovre-Flo@sfj.no" <[Sonja.merethe.ovre-Flo@sfj.no](mailto:Sonja.merethe.ovre-Flo@sfj.no)>, "trude.brosvik@sfj.no" <[trude.brosvik@sfj.no](mailto:trude.brosvik@sfj.no)>, "Jenny.folling@sfj.no" <[Jenny.folling@sfj.no](mailto:Jenny.folling@sfj.no)>

**Kopi:** "hilde.kvamsas.aa@utdanningsforbundet.no" <[hilde.kvamsas.aa@utdanningsforbundet.no](mailto:hilde.kvamsas.aa@utdanningsforbundet.no)>, "alf.reidar.myrstad@utdanningsforbundet.no" <[alf.reidar.myrstad@utdanningsforbundet.no](mailto:alf.reidar.myrstad@utdanningsforbundet.no)>

**Emne:** 19 vg2 elevar, frå Hafstad vgs i Førde, blir tvinga til å flytte på hybel skuleåret 2016/2017

### **Engasjerte politikarar i fylkeskommunen.**

18.mars kom innstillinga om at Hafstad vidaregåande skule i Førde får 4 parallellar på vg1, noko som er veldig hyggeleg, men så kom og beskjeden om at dei har redusert vg2 frå 4 parallellar til 3 parallellar. Det betyr at 19 elevar som i dag går på vg1 ved Hafstad vgs, blir tvinga til å flytte på hybel dersom de politikarane vel å følgje administrasjonens innstilling.

Vi i Utdanningsforbundet Førde, håpar at politikarane i fylket vil røyse seg og tale i mot dette forslaget. Ikkje berre fordi vi ynskjer å verne arbeidsplassane på Hafstad vgs, men fordi vi ynskjer at borna "våre" skal få bu heime medan dei går på vidaregåande skule. Det viktigaste slik vi ser det, er at elevar ikkje skal miste vg2 tilbodet sitt når dei har starta på eit løp med studiespesialisering, og dei svakaste elevane bør ikkje vere dei som skal sorterast ut for å flytte på hybel.

Mykje står på spel, og eg og tillitsvalt på Hafstad vgs, Stig Jonny Fitje, håpar at de vil fronte denne saka saman med oss. Vi har diverre ikkje god tid. Det skal avgjerast på onsdag 30.mars.

Stig Jonny Fitje har utforma eit skriv i denne saka, sjå vedlegg. Om de treng meir informasjon ta kontakt med underteikna eller Stig Jonny Fitje, tlf. 90082650

Med vennleg helsing

*Rønnaug Dvergsdal*

Lokallagsleiar

Utdanningsforbundet Førde

Boks 338

6802 FØRDE

Mob: 99 22 42 57

**E-post:**

**[post@forde.utdanningsforbundet.no](mailto:post@forde.utdanningsforbundet.no)**

**Nettside:**

**<http://www.utdanningsforbundet.no/Fylkeslag/Sogn-og-Fjordane/Lokallag/Forde/>**

**At Hafstad med 107 primærøkarar til vg2 studieførebuande får berre 3 parallellar, medan Sogndal med 94 primærøkarar får behalde sine 4 parallellar, er urettvist!!!**

Først må vi berre understreke at det er viktig og bra at fylkesadministrasjonen har tatt søknadstala til vg1 på skulane i Førde på alvor, og oppretta dei naudsynte gruppene. Dessverre blir det derimot i framlegget frå administrasjonen, kutta frå 4 til 3 grupper på vg2 studiespesialiserande. 19 elevar som i dag går i 1.klasse på Hafstad vgs, kan bli tvinga til å flytte på hybel dersom de politikarar føl administrasjonen si innstilling. **Når 94 primærøkarar på Sogndal vgs til vg2 studiespesialiserande, gir 4 parallellar, medan 107 primærøkarar på Hafstad vgs til vg2 studiespesialiserande, gir 3 parallellar, opplever vi det som urimeleg.**

Men det er ikkje betre for ungdommar rundt Sogndal å stå utan skuleplass enn for ungdom i Førde. Felles for desse er at det ikkje er nokon skule dei kan pendle til. Årdal har fulle klasser og Florø har ikkje plass. Vi håpar verkeleg politikarane kan finne ei løysing som gjer at ein ikkje treng å sende dei svakaste vg2 elevane på hybel.

Likevel er det vert å merke seg at Sogndal vgs. får auka sitt tilbod på vg2 totalt med ei klasse på elektro, dersom forslaget frå administrasjonen vert ståande. Dersom dei miste sin 4.parallell på studieførebuande, vil dei i praksis gå om lag i null sidan dei har berre 13 elevar for mykje til 3 parallellar. Hadde dei fylt opp gruppene sine med 30, slik dei gjer på alle dei andre skulane med studieførebuande, hadde dei berre hatt 4 elevar for mykje. Desse reiser sikkert på utanlands og tek vg2 der. Her vert skulen i Sogndal dobbelt opp favorisert fordi dei berre har 27 elevar i gruppene. Men det er også her ein sparar mest med å legge ned fordi kvar elevplass er forholdsvis dyrare.

Eit anna viktig argument er at ved å gå frå 4 til 3 parallellar mistar fleire av elevane dei vala dei har gjort for vg2. Sidan 3 parallellar gir eit minstetilbod, gjer det større utslag å gå frå 4 til 3 parallellar enn frå 3 til 2. Elevane i vg1 på Hafstad vgs. har no gjort eit val for vg2 (går ut frå at dette er om lag like eins på Sogndal vgs.), og har stort sett fått dei faga dei ynskje seg. No vil tilbodet bli radikalt endra og fleire vil bli tvinga inn i andre fag enn dei ynskjer. Om lag 4 ulike programfag vil bli borte – populære fag må takast ned til ei gruppe. Dette vil gjere noko med motivasjonen til elevane. Men det gir også ein overtalsproblematikk. Minst ei heil stilling i fag det er god lærardekning for, må bort for eit år, sidan ein neste år på ny vil få 4 parallellar. Dette å slanke tilbodet for berre eit skuleår verkar også lite gjennomtenkt.

Dermed må vi igjen appellere til politikarane i Sogn og Fjordane: Å spare pengar på utdanningstilbodet ved dei vgs. skulane, er utfordrande. To gode råd på vegen:

1. Vi er ikkje for stykkprisfinansiering, men å gå i andre grøfta å ta vare på dei dyrast klassene, medan ein legg ned der det er rimelegare å gi elevplassar, er ikkje lurt. Hafstad har utvilsamt den lågaste kostnaden per elev på studieførebuande.
2. Let de skular som har søkarar til det, behalde sitt tilbod, vil ein klare å ta vare på eit breiddetilbod samtidig som ein tek vare eit desentralisert tilbod. Med 4 parallellar på Hafstad klarer ein å ta vare på eit breiare tilbod enn nokon av dei andre skulane klarer, til den minste kostnaden.

Stig Jonny Fitje, tillitsvalt på Hafstad vidaregåande skule



3

## Merete Husabø Nornes

---

**Emne:** VS: Dimensjonering elektro Flora VGS  
**Vedlegg:** image001.jpg; image002.jpg

**Fra:** Bekka Skaasheim  
**Sendt:** onsdag 16. mars 2016 16:21  
**Til:** Knut Christian Clausen <[Knut.Christian.Clausen@sfj.no](mailto:Knut.Christian.Clausen@sfj.no)>  
**Kopi:** Karianne Alette Torvanger <[Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no](mailto:Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no)>; Susan Kathinka Halvorsen Husabø <[Susan.Husabo@sfj.no](mailto:Susan.Husabo@sfj.no)>; Tor-Einar Holvik Skinlo <[Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no](mailto:Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no)>  
**Emne:** VS: Dimensjonering elektro Flora VGS

Hei!  
Eg viser til e-post frå tilsette til politisk leing. Eg ber om at du informerer dei tilsette om rutinar og frist for innspel til justering av opplæringstilbodet.

Med helsing  
Bekka Skaasheim  
fylkesdirektør for opplæring  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)  
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530956

**Fra:** Karianne Alette Torvanger  
**Sendt:** onsdag 16. mars 2016 15:55  
**Til:** Bekka Skaasheim <[Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)>  
**Emne:** Fwd: Dimensjonering elektro Flora VGS

Greit å legge ved saka

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Helen Marie Bruvik Krakhellen <[Helen.Krakhellen@sfj.no](mailto:Helen.Krakhellen@sfj.no)>  
**Dato:** 16. mars 2016 kl. 15.40.34 CET  
**Til:** Karianne Alette Torvanger <[Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no](mailto:Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no)>, Alfred Bjørlo <[alfred.bjorlo@gmail.com](mailto:alfred.bjorlo@gmail.com)>, Gunn Åmdal Mongstad <[Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no](mailto:Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no)>, Anders Ryssdal <[Anders.Ryssdal@sfj.no](mailto:Anders.Ryssdal@sfj.no)>, Ole Johnny Stubhaug <[Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no](mailto:Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no)>, Henrik Oppen <[Henrik.Oppen@sfj.no](mailto:Henrik.Oppen@sfj.no)>, Senea Sabanovic <[Senea.Sabanovic@sfj.no](mailto:Senea.Sabanovic@sfj.no)>, Sonja Merethe Øvre-Flo <[Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no](mailto:Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no)>, Trude Brosvik <[Trude.Brosvik@sfj.no](mailto:Trude.Brosvik@sfj.no)>, "[svein.nodseth@fokuselektro.no](mailto:svein.nodseth@fokuselektro.no)" <[svein.nodseth@fokuselektro.no](mailto:svein.nodseth@fokuselektro.no)>, "[torbjorn.fester@sonnico.no](mailto:torbjorn.fester@sonnico.no)" <[torbjorn.fester@sonnico.no](mailto:torbjorn.fester@sonnico.no)>, "[anders.nodseth@incgruppen.no](mailto:anders.nodseth@incgruppen.no)" <[anders.nodseth@incgruppen.no](mailto:anders.nodseth@incgruppen.no)>, "[egil@vestelektro.no](mailto:egil@vestelektro.no)" <[egil@vestelektro.no](mailto:egil@vestelektro.no)>, "[tore.nyttingnes@fokuselektro.no](mailto:tore.nyttingnes@fokuselektro.no)" <[tore.nyttingnes@fokuselektro.no](mailto:tore.nyttingnes@fokuselektro.no)>, "[roger@ferstadiinstallasjon.no](mailto:roger@ferstadiinstallasjon.no)" <[roger@ferstadiinstallasjon.no](mailto:roger@ferstadiinstallasjon.no)>, "[roald.svarstad@sfe.no](mailto:roald.svarstad@sfe.no)" <[roald.svarstad@sfe.no](mailto:roald.svarstad@sfe.no)>, "[tove.soreide.rindheim@sfe.no](mailto:tove.soreide.rindheim@sfe.no)" <[tove.soreide.rindheim@sfe.no](mailto:tove.soreide.rindheim@sfe.no)>, "[bjarte@lisethelektro.no](mailto:bjarte@lisethelektro.no)" <[bjarte@lisethelektro.no](mailto:bjarte@lisethelektro.no)>  
**Kopi:** Asgeir Holsen <[Asgeir.Holsen@sfj.no](mailto:Asgeir.Holsen@sfj.no)>, Morten Andre Gjølringbø <[Morten.Andre.Gjoringbo@sfj.no](mailto:Morten.Andre.Gjoringbo@sfj.no)>, Øyvind Nyvoll <[Oyvind.Nyvoll@sfj.no](mailto:Oyvind.Nyvoll@sfj.no)>, Kurt Johni Langedal

<Kurt.Johni.Langedal@sfj.no>

**Emne: Dimensjonering elektro Flora VGS**

Til dei det måtte gjelde.

Det vart i haust bestemt i Hovudutval for opplæring at det berre skulle lysast ut èi VG1-klasse og to VG2-klasse på elektro ved Flora VGS. I heile fylket er det lyst ut 9 VG1 klasser, medan der er 11 VG2 klasser (Elenergi, Automasjon og Data- og Elektronikk).

VG1 elektro «produserer» elever til VG2 elenergi, VG2 data- og elektronikerfag og VG2 automasjon, samt kryssfag som VG2 kjøretøy, VG2 IKT-servicefag og VG2 industriteknologi. Skal vi ved Flora VGS berre få ei VG1 klasse skuleåret 2015/2016 vil det være nærliggande å tru at vi ikkje får nok elevar til eingang å fylle èi av to VG2 klasse skuleåret 2017/2018. Dette kan fort bli slutten på elektrofag ved Flora VGS, og det gode samarbeidet med næringsliv om utplassering av skuleelevar, og med det forsvinn store delar av rekrutteringsgrunnlaget av lærlingar for næringslivet.

Elektro ved Flora VGS har i hatt gjentatt høg gjennomføringsprosent, og har stor suksess med å få elevane sine i lære. Vi har i mange år hatt godt nettverkssamarbeid med lokalt næringsliv, og vi stiller oss uforståande til at våre linjer no skal bli skadelidande for fylket si innsparing. Vi meiner det er viktig å få elevar ut i arbeid, og gje dei ei komplett utdanning, som fagbrev er.

Vi ønsker å få behalde to VG1 klasser i tillegg til våre to VG2 klasser.

På vegne av dei tilsette ved elektroavdelinga Flora VGS:

Faglærer elektro / kontaktlærer IELA

Tlf: 57 63 76 69 / 90 27 11 79

4

## Merete Husabø Nornes

---

**Fra:** Bekka Skaasheim  
**Sendt:** tysdag 29. mars 2016 15:07  
**Til:** Merete Husabø Nornes  
**Emne:** VS: Innspel frå Samarbeidsforum til Sunnfjord (SiS) til opplæringsutvalet om justeringar av opplæringstilbodet  
**Vedlegg:** Merknader til sak om justering av opplæringstilbodet.docx

Med helsing  
Bekka Skaasheim  
fylkesdirektør for opplæring  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)  
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530956

**Fra:** Trond Ueland [<mailto:Trond.Ueland@forde.kommune.no>]  
**Sendt:** tysdag 29. mars 2016 15:05  
**Til:** Postmottak Sentraladm <[Postmottak.Sentraladm@sfj.no](mailto:Postmottak.Sentraladm@sfj.no)>  
**Kopi:** Bekka Skaasheim <[Bekka.Skaasheim@sfj.no](mailto:Bekka.Skaasheim@sfj.no)>; Olve Grotle <[Olve.Grotle@forde.kommune.no](mailto:Olve.Grotle@forde.kommune.no)>  
**Emne:** Innspel frå Samarbeidsforum til Sunnfjord (SiS) til opplæringsutvalet om justeringar av opplæringstilbodet

Hei!

Vedlagt finn de innspel frå Samarbeidsforum til Sunnfjord (SiS) til opplæringsutvalet om justeringar av opplæringstilbodet

Med venleg helsing  
Trond Ueland  
Kommunalsjef

-----  
Forde kommune [www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)  
Epost: [trond.ueland@forde.kommune.no](mailto:trond.ueland@forde.kommune.no)  
Tlf. 913 37 410 / 57 61 27 05



Ta miljøhensyn – vurder om du virkelig må skrive ut denne e-posten!

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Hovudutval for opplæring

### **Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17 – merknader frå SiS**

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) har følgjande merknader til fylkesrådmannen si tilråding til «Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017:

Innleiingsvis seier SiS seg samd i tilrådinga når det gjeld auken i klassar på Hafstad Vg1 og Mo og Øyrane, noko som harmonerer betre med talet på primærskolar.

Når det derimot gjeld nedtaking av ein klasse på Vg2 på Hafstad, ser SiS dette som svært uheldig og lite akseptabelt. Gjennom å fjerne ein klasse råkar ein elev som alt har kome i gang med utdanninga si, og som har lagt planar for å halde fram ved Hafstad dei to neste skuleåra. Forutan at det i seg sjølv er uheldig å endre på eit føreseieleleg og venta opplæringstilbod, vil dette føre til at nokon av desse må flytte til andre skular. Dette vil dessutan gjelde elevar med dei svakaste karakterane, og som kanskje har dårlegast førsetnader for å meistre ei slik flytting. Resultatet vil lett bli endå svakare skuleresultat og ein større risiko for «drop out». Det siste er noko ein i Sogn og Fjordane har hatt sterk fokus på å unngå.

SiS føreset derfor at det ikkje blir ein reduksjon av ein klasse på Vg2 på Hafstad.

Førde 22.03.2016

Med helsing

Olve Grotle

Leiar i SiS